



Nord-Fron kommune
Skåbu oppvekst
2643 Skåbu

HANDLINGSPLAN MOT MOBBING

Innhald:

Rammeplan for arbeidet
Plan for førebyggjande arbeid
Ansvar og rutinar for tiltak og informasjon
Informasjon til føresette



RAMMEPLAN FOR ARBEIDET MOT MOBBING

Målet med dette arbeidet er å:

- hindre at mobbing oppstår
- trekkje elevar og foreldre aktivt med i elevar mot mobbing
- få problemet fram i dagen dersom mobbing pågår
- få slutt på eventuell mobbing

1. Temaet mobbing skal takast opp på foreldremøte rett etter skolestart om hausten.
2. Foreldra skal gjerast kjende med innhaldet i planen
 - Rammeplan for arbeidet mot mobbing
 - Ansvar for rutinar og tiltak
 - Spørjeskjema om læringsmiljø for elevane
 - elevar i 1. - 4. klasse svarer på eige skjema kvar haust
 - elevar i 5. – 10. klasse svarer på Elevundersøkinga frå Udir kvar haust
 - I tillegg svarer elevane på eige skjema før elevsamtalene haust og vår
3. Foreldra blir gjort kjent med resultatet av spørjeundersøkinga på foreldresamtaler.
4. Elevsamtaler mellom kontaktlærer og kvar enkelt elev. Eit av punkta i denne samtala skal vere eventuell kjennskap til mobbing.
5. Mobbing/plaging skal vere tema på foreldresamtaler både før og etter jul.
6. Når eit mobbepblem blir kjent, arbeider vi ut frå planen "Ansvar og rutinar for tiltak og informasjon."



Førebygging

**Mål: Skåbu oppvekst har null toleranse når det gjeld mobbing.
Alle tilsette skal arbeide aktivt for at mobbing/plaging ikkje skal oppstå.**

I KLASSA:

Mål: Alle skal oppleve klassa/gruppa som ein god stad å vere, der alle kan føle seg trygge på kvarandre.

Alle vaksne som arbeider i klassa/gruppa har eit felles ansvar. Dei skal:

- vere tydelege vaksne
- syte for at alle vaksne og elevar får ei klar forståing av kva som er lov og ikkje lov.
- samarbeide for å sikre felles forståing av reglane og felles praksis.
- vere høflege mot kvarandre og ha ein god tone seg imellom.
- arbeide for ein god omgangstone elevane imellom.
- aktivt vere med på å gjere klasserommet triveleg (t.d. utsmykking, planter etc.)
- syte for at heimen, gjennom kontaktlæraren, raskt får beskjed om uakseptabel åtferd.

Kontaktlærarane har eit særleg ansvar når det gjeld det førebyggjande arbeidet i klassa/gruppa. Kontaktlæraren skal mellom anna syte for at:

- elevane blir plassert etter ein gjennomtenkt plan
- det blir utarbeidd reglar og rutinar som gjeld i klasserommet. Her må ein samarbeide med elevane.
- alle som arbeider i klassa/gruppa får informasjon om reglar og rutinar som gjeld i klassa.
- temaet mobbing/plaging blir tatt opp på første foreldremøte om hausten.
- mobbing/plaging blir eit tema på alle utviklingsamtalene.
- heimen raskt får beskjed når eleven syner uakseptabel åtferd.



SKOLESTART:

Mål: Før dei tek til på skolen, skal dei nye elevane få så god kjennskap som mogleg til skolen, dei vaksne som arbeider her, og andre elevar.

Rektor har ansvaret for

- at plan for overgang barnehage-skule følgjast opp
- at det blir kalla inn til innskrivingsdag og orienteringsmøte for foreldra om vinteren før elevane skal ta til i 1. klasse. På dette møtet skal det veljast klassekontakt.

Kontaktlærer skal

- halde foreldremøte så raskt som mogleg om hausten
- syte for at elevane blir godt kjent på skolen
- etablere eit godt samarbeid med heimane så snart som mogleg.
- klargjere for foreldra kva forventningar skolen har til samarbeidet.
- samarbeide med kontaktlæraren til dei elevane som er fadrar, for å gjennomføre ei god fadderordning.

SKOLEOMRÅDET OG SKOLEVEGEN:

Rektor skal

- sette opp inspeksjonsliste i samarbeid med inspektør.
- halde kontakt med sjåførane på skolebussane for å orientere om arbeidet mot mobbing/plaging, og gjennom denne kontakten avdekke om det skjer noko på bussane.

Alle vaksne skal

- vere raskt på plass når dei har inspeksjon
- sørge for å byte inspeksjon med bakvakt dersom dei veit at dei blir borte frå inspeksjonen.
- gripe inn med ein gong dei ser nokon blir plaga, eller dei har mistanke om at nokon blir plaga. Dette gjeld utan omsyn til tid og stad.



	Rutinar i mobbesaker	Rettleiing	Ansvar
1	Melde frå ved mistanke om / eller observasjon av mobbing	Alle tilsette har eit ansvar for å melde frå når vi har mistanke om mobbing.	Alle tilsette. Meldast til kontaktlærar.
3	Samtaler med den som har vorte mobba.	Vi skal skaffe meir informasjon og gje støtte. Hugs at ein som har vorte mobba, som regel underdriv.	Kontaktlærar
4	Samtale med foreldra til den som har vorte mobba.	Informasjon om kva som har skjedd, og eleven / foreldra sine rettar.	Kontaktlærar
5	Samtale med den som mobbar.	Sjølv om det er fleire som mobbar, må vi snakke med ein om gongen. Hensikta med samtalen er å gje beskjed om at mobbinga er uakseptabel og må stoppe omgåande. Vi inviterer så til samarbeid for å få slutt på mobbinga, gjer avtaler om kva som skal skje, og sett opp ei ny oppfølgingssamtale.	Kontaktlærar og ev. rektor.
6	Samtale med mobberane sine foreldre kvar for seg.	Dersom foreldra ønskjer det, kan vi snakke med fleire samtidig. Vi skal ikkje la foreldra ordne opp sjølve i elevgruppa. Vi sender brev til mobberane sine foreldre og informerer om tiltak, og konsekvensar viss mobbinga fortsetter.	Kontaktlærar og ev. rektor.
7	Enkeltvedtak	Rektor avgjer om det skal fattas enkeltvedtak når det er oppdaga mobbing. Foreldre kan også be om at skolen gjer noko. Da må rektor gjera eit enkeltvedtak.	Rektor
8	Sanksjonar og dokumentasjon.	Sett inn sanksjonar overfor mobbarar dersom det er naudsynt. Vi skal dokumentere sanksjonar og tiltak, som leggjast i elevmappa.	Kontaktlærar.
9	Oppfølging	Mobbesituasjonen følgjast inntil den tek heilt slutt. Oppfølgingssamtaler.	Kontaktlærar.
10	Søk råd og hjelp	Dersom det er naudsynt kan ein søkje råd og hjelp, t.d. frå MGPPR.	Kontaktlærar/ rektor



MOBBING/PLAGING

Til bruk for foreldre/føresette.

Vaksne, enten det er foreldre eller lærarar, er i mange tilfelle dei siste som får kjennskap til at det går føre seg mobbing/plaging. Når eit slik problem oppstår, er det viktig at vaksengruppa kjem raskt «på banen», og hjelper barna til å få slutt på det.

Både ein som blir mobba og ein som mobbar, vil i mange tilfelle gje signal på at noko er gale, utan at dei set ord på det.

Vi har difor sett opp ein del punkt som foreldra bør være merksame på.

ÅTFERD SOM KAN TYDE PÅ AT EIT BARN BLIR MOBBA:

- Vondt i magen
- Sengevæting
- Engsteleg
- Einsam
- Skolevegring
- Skulk
- Isolerer seg sjølv

ÅTFERD SOM KAN TYDE PÅ AT EIT BARN ER EIN SOM MOBBAR:

- Aggresiv
- Slem – ondsinna
- Behov for å skade
- Behov for å latterliggjere
- Generell opposisjon
- Vanskar med å underordne seg reglar

NB: SLIK ÅTFERD KAN OG VERE TEIKN PÅ ANDRE PROBLEM. DET TRENG IKKJE VERE MOBBING SOM ER GRUNN. DERSOM FORELDRA OPPDAGAR NOKON AV DESSE SYMPTOMA, ER DET IMIDLERTID VIKTIG AT DEI PRATAR MED BARNET OG PRØVER Å FINNE UT KVA DET ER.